

Midd. 27/8 1954.
Avn.

W. S.

Hol i Hallingdal, den 21. august 1954.

Universitetets Oldsaksamling,
Oslo.

Gravhaugane på Fekjo i Ustedalen i Hol.

Interesserte på Geilo v/ lærar Lars Fossgard har vendt seg til oss i spørsmålet om kva som kan gjerast til å verne om vikingtids-gravhaugane på Fekjo i Ustedalen, ovanfor Geilo.

Det har i det siste vorte dyrka eller pløgt opp voll like inntil sume av haugane, og det er fåre for at det eine-ståande minnesmerket som vi har her oppe i dette gravfeltet på denne eller andre måtar kan bli skadd eller misfare. Det heile ligg nå ope for folk og for fefot.

Det ville vera bra om ein kunne få ei fast ordning med feltet. - Det hender stundom at interesserte turistar og andre spør etter gravhaugane og gjerne vil sjå dei, men det er ikkje alltid dei finn folk som kan rettleie dei om dette eller vise dei staden. Det burde vore gjort noko også til rettleiing for det interesserte publikum.

Det har vore nemnt at feltet burde markerast og vernast med eit gjerde, og Fossgard tenkte seg helst eit steingjerde, gjerne med ein tekt port. Her, i porten, kunne det då kanskje hengjast ei tavle med dei opplysningar som trengst for dei som kjem for å sjå det heile.

Vi vil gjerne få legge dette spørsmålet fram for Dykk, med di vi vil vera takksam for å få veta kva De meiner^{om} det heile.

Vi gjer oss og så fri å spørja om det finst nokon offentlege midlar som det kunne vera tilskott å få av til eit verne-tiltak som dette.

Vyrdssamt

HOL BYGDEMUSEUM
Sigurd S. Reinton
Sigurd S. Reinton